



Årsmelding 2019

Bø Turlag

Styret 2019

Arne Hjeltnes (leiar)
 Jarle Tyvold (kasserar)
 Gudrun Helgadóttir (skrivar)
 Ingrid Askildt
 Øystein Akselberg

Varamedlemmer

Ingrid Bergane
 Halvor R. Gåra
 Thorvald Amundsen
 Synnøve Tryggestad
 Bjørg Kaasa

Revisor: Jan Lepperød

Nemnder, representantar i andre lag og valkomité

Turstinemnd

Bjørn Steen, leiar og turområdeansvarleg

Representantar i Bø Løypelag

Per M. Holtung
 Einar Fagerås

Turknappnemnd

Håvard Hogstad Erikstein
 Halvor Gåra
 Morten Rask Arnesen
 Solvor Marie Brukås Folkestad

Valkomité

Tor Lønnestad
 Margit Ryen Steen
 Per Johan Nordvik

Styreaktivitet og medlemstal

Årsmøtet i 2019 blei halde på Sandvin tysdag 26. februar. Styret har hatt 4 møte i 2019: 30/1, 20/3, 29/8, 5/12 Laget hadde 290 medlemmer i 2019 mot 296 i 2018.

Turprogrammet 2019

Felles turprogram med Gvarv turlag

Lifjell på langs– søndag 7. april

Turleiar Live Semb Vestgarden og Anette Norheim Fredly. 64 deltakare. Nokre suste over fjellet på raske ski mens andre tok turen som en tur og rusla i rolig tempo. Vi har fått tilbakemelding frå mange fornøgdde deltakare om at det var en fin tur. Gvarv Røde Kors melder om null skader og berre blide folk i fjellet

Branntårnet i Landsmarka – tysdag 7. mai

Turleiar Thorvald Amundsen. 23 deltakare. Ein svært fin tur til Branntårnet i Landsmarka. Turen opp tok ein god time. Branntårnet er 16 m. høgt og fungerte som vakttårn for skogbrannar fram til flya overtok. Like ved tårnet hadde me fantastisk utsikt mot Langen og skogkledde åsar i alle retningar. Og betre vêr kunne me vel ikkje hatt.

Reskjemnipa – tysdag 21. mai

Turleiar Halvor Gåra og Olav Halsteinsgård. 13 deltakarar. Liten stopp ved Saga der Olav fortalte om sagdrift i eldre tid og Mølåshola. Lett terreng fram til fossen som mange ville fotografere. Tungt opp bakkane til topps, særleg det siste stykket. Fellesbilde på toppen som blei lagt ut på heimesida. Nyttig med 2 turleiarar da Halvor hadde det travelt med å rekke Alpetur. Olav losa alle trygt tilbake. Erfaring: Skulle nok avtala oppmøte 17.30. ikkje 18.00- Litt knapp tid som kveldstur i mai.

Rusletur på Jønneberg mai - tysdag 28. mai

Turleiarar Finn Rønning og Bjørn Tveiten. 40 deltakare. Bø Museum i samarbeid med Bø Turlag arrangerte tur til Jønneberg. Finn Rønning og Bjørn Tveiten orienterte om husmannsplassar og me rusla i området. Halvor Ulvenes inviterte oss til å ha matpausen i gårdshuset, som vi var takknemlig for.

Aktivitetsdag Jønnbu – laurdag 8. juni

Turleiar Jarle Tyvold. Avlyst.

Grånåfjell – søndag 18. august

Turleiar Augon Eika. 10 deltakare. Dagstur søndag 18. august. Fyrste stopp ved fløytingsdammen ved Uvdalstjønn, der kjentmann Augon Eika orienterte om fløytingsaktiviteten i gamle dagar. Kjørde så gjennom bommen og inn til Grånåstul. Augon hadde rekognosert innover, stien er synleg nokre stader men ikkje lett å fylgje. Kort stopp ved jakthytta før me tok siste stigninga opp til røysa der fire kommunar møtes. Åt nista der, så var det stemning for å fortsette inn til høgaste punktet på 678 moh. Flott utsikt vestover. Lettsky, fint turvêr.

Heksfjell – søndag 25. august

Turleiar Halvor Gåra. 11 deltakarar. Starta kl 09 frå Bø til Sauland. Kjøpte polett til kr 50 pr bil på Shell og møtte deltakar frå Skien. Bomveg på 14 km inn til Slåka. Klar til tur kl. 10.30. Gjekk inn til Hometjønn der me tok ein liten rast i sola. Neste mål var Heksfjell, 1221, med god utsikt i alle retningar, Litt vind på toppen så det blei matrast i ein skråning like aust for toppen. Herifrå såg me Heksfjellvarden og kunne planlegge heile ruta fram til toppen. Frå Varden ser ein rett ned til Sauland. Vende så kursen vestover mot Hometjønn der det blei ny matrast og eit friskt bad for 4 av oss. Grei retur ned til bilane ca 16.30. Litt lang biltur, men flott fjellområde. Fekk sjå Lifjelltoppane frå ein ny vinkel og fjelltrakene nordover mot Brattefjell, Vindeggen og Gaustatoppen. Neste tur kan bli over toppane mellom Hometjønn og Londalen.

Sopptur – tysdag 3. september

Turleiar Bjørn Steen. 6 personar deltok og fant masse sopp i skogen i Breisås.

Blefjell – søndag 8. september

I dag var vi 15 stk og 1 hund, som gjekk en fin runde på 12 km på Blefjell. Vi startet på Høgda, gjekk til Korslinuten, Skintjønn, Holmevaten, Solobua, Strutåsen og Høgda. En kjempefin tur. Turleiar Wenche K.R. Røstad

Korpenut – tysdag 10. september

Avlyst pga regn, ny dato
Turleiar Ingunn E. Vreim

Falkefjell, Lifjell – søndag 15. september

Fire folk og en hund la ut på turen men snudde i ... pga sterk vind og gikk til Krinotkleiva.
Turleiar Synnøve Tryggestad.

Bømarsjen– søndag 22. september

Turen gikk fra Folkestad skule til Eikamoene og Raukleiv. Fint vær for 105 deltakare tilsaman på kort og lang løype. Servering av kaffi, saft og masse gode kaker ved gapahuken til Eika.
Bø turlag

Gyrestolen - laurdag 19. oktober

Avlyst pga av regn og glatt sti. Samarbeid med Notodden turlag.
Turleiar Terje Slåttedalen

Trilleturar

For dei som er heime med små – treffast og trille saman kvar tysdag kl 11. Turen tek gjerne om lag ein time, deretter er det sosialt samvær på Meierismuget eller Husly.

Rusleturar

Korte rusleturar i sakte tempo gjerne i mindre grupper. Det er oppmøte i Gullbring tysdagar kl. 11, rusling og «innkomst» kl 12. Så er det hyggeleg prat over ein kaffikopp i Gullbring etterpå. Tal deltakarar varierer, men er typisk 5-10. I samarbeid med Oterholt Helselag, Bø Røde Kors, Bø og Sauherad Revmatikerlag, og Aktive Eldre.

Turstiar - arbeid utført i 2019**Gyrestolen**

Stor slitasje på stignettet grunna stor trafikk og mykje styrtregn. Dette kan vere vanskeleg å gjere noko med, da stigen mange stader ligg der vatnet naturleg renn. Elles er det vanleg vedlikehald og laging av ei ny bru.

Bryggjefjell

Vanleg vedlikehald. Det trengst til fornying av blåmerkinga, noko som skal gjerast i sommar.

Bøelva, vest for Folkestadbrua

Her er det gjort ein stordugnad av bålgjengen (totalt meir enn 30 timar) på brua over Gjuvsåa, der fleire tre øydela rekkverket i stormen i haust. Elles er det vanleg rydding.

Bøelva – aust for Folkestadbrua

Nokre blaute parti på sørsida av elva. På nordsida trengs det steinsetting for å hindre ein bekk å fløyme over vegen ved Piperud. Elles bra.

Breisås

Vanleg rydding og vedlikehald i Håsårudhotten. Mykje gjørme i Bordvegen og andre hovudstigar pga. terrengsykling. Det er sett opp mange nye bruer i hovudskiløypa, da dei gamle var heilt rotne. Stor dugnadsinnsats her og. Fleire stigar er rydda etter stor hogst.

Ølsbru – Lauvtjønn

Stien er OK, men oppfrisking av merkinga må gjerast. Ansvarleg (Hans Hegna) for denne stigen ønsker avløyning.

Lifjell

Det er gjort vanleg ettersyn. Stigane er i god stand, og merkinga er god. Men ved mykje regn er nokre av stigane svært blaute.

Folkestadåsane

Skiltet ved vegen ovafor Brukåsa er (som vanleg) blitt fjerna att. Elles er det stort sett fine stigar og bra merking. Nokre klopper bør skiftast ut.

Årmoddalen-Gamlestulfjellet-Røytebufjellet

Det trengst vanleg vedlikehaldsrydding til sommaren og litt betre merking i eit stigkryss.

Høyslass og Bruskor

Vanleg vedlikehald med rydding av vindfall. Stigane er elles bra.

Prosjekt som er avslutta i 2019

Innleggen parkering

Ny, stor parkeringsplass på 7 x 3 m ble fullført ved Innleggen. Nå har vi to store parkeringslassar til turområdet Bryggefjell. BR maskin har planert og drenert plassen. Tor Sisjord, Arne Baugerød og Sveinung Astad har sikra plassen med grovt gjerde

Klopper i Breisås

Det er nå laga fleire nye bruer/klopper i Breisås. Mange gamle bruer i Midlingløypa har blitt heilt øydelagt etter stor hogst i Borgjaskogen. Dette er hovudløypa på ski opp i åsen. Derfor har Bø Turlag sponsa skikkelege impregnerte materialar for å lage nye bruer som skal vare i mange år. Bruene er laga på dugnad av Eivind Frode Rinde, Jon Solberg, Rune Kyvik og Ole Johnny Prestbakken. Fleire av disse er løypekøyrar om vinteren. Bruene er også merka slik at dei ikkje skal bli køyrt over av traktor eller skogsmaskin ved ein ny hogst.

Benk ved Bøelva

I april blei det sett opp ein ny kvilebenk på nordsida av Bøelva, mellom Folkestadbrua og Gårabru. Benken finn du på eit fint utsiktspunkt like sør for Gvålaåsen, med Vaskarbergja midt i mot, på sørsida av elva. Dette er ein Ulefos Parkbenk, maken til den på Slettelibergja. Benken er ei gåve frå ei turglad eldre dame i Bø, som likar å gå rundt Bøelva, men vil være anonym. Stor takk til henne!

Utsiktsvegvisar på Øysteinnatten

Frå dette fantastiske utsiktspunktet kan du no finne namnet på stader og fjelltoppar i alle himmelretningar. Arne W Hjeltne og Tor Sisjord gjort det tekniske forarbeidet. Telegraving har produsert plata og Hans Erik Myhra har laga foten. Utstyr, aggregat og boremaskin er køyrt opp med løypemaskina av Nils Arne Folkestad. Gunleiv Brukås og Tor Sisjord monterte utsiktsvegvisaren og sveisa sikkerheitsgjerdet. Vegvisaren er sponsa av ti lokale bedrifter.

Turknappen 2019

For 2019 er det levert inn 28 skjema til turknappen, mot 21 skjema i 2018. Detaljar kjem som eiga sak.

Andre aktivitetar 2019

- Turlaget samarbeider med Gvarv Turlag om turprogram og brosjyre.
- Slagordet «På tur med kånn» ble valt på årsmøtet 2019 og trykt på T-skjorter.

Økonomi

Rekneskap for 2019 kjem som eiga sak, men styret meiner at Bø Turlag har god økonomi.

Konklusjon

2019 har vore nok eit aktivt og godt år for Bø Turlag. Stor takk for alt arbeid som er utført i 2019!

Arbeidsplan 2020

I tillegg til den ordinære drifta, som omfattar å organisere turar, vedlikehalde stinettet og jobbe med politiske sakar som gjeld friluftslivet i Bø, vil vi jobbe med nokre få større prosjekt:

Vintergåløype ved Bøelva: Halde fram forsøksdrift med vinter-gå-løype langs nordsida av Bøelva frå Oterholt til Folkestadbrua. Køyre opp traséen med snøskuter når det trengs.

Gjennomføre Tretopper'n på Jønnbu. Her vil vi tilretteleggje for lågterskel fottur på Jønnbu (Anebunaten - Krintofjellet og Bøkstulnatten) i samarbeid mellom kommunen, reiselivet i Midt-Telemark, DNT, Bø Turlag, prosjektet "Vandre i Telemark" og Lifjellstua. Prosjektet er fullfinansiert. Vi vil grøfte våte parti, sette opp rasteplass i «Bestemorsløyfa», merke, skilte og lage informasjonsbrosjyre.

Stor slitasje på stiane på Folkestadåsane og Gyrestolen krev betre tilrettelegging. Vi vil foreslå tiltak.

Friluftsliv i Bø om 50 år er en sak som står på agendaen nå ettersom kommuneplan for nye Midt-Telemark kommune skal lages.